



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Festsalen, Florø kulturhus
Dato:	23.10.2025
Tid:	Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Jan Gunnar Holvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Siri Odijk Solbakken	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Anett Berg	UAH
Mats Brunsvik	UAH
Morten Andreas Hagen	UAH
Elisabeth Halsne	Kinn SP
Bente Nygård	Kinn AP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ronny Cassells	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP	Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Kent Hammersvik	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP	Magne Ove Midtbø	Kinn SP

Anne Marit Seljeseth	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V
Håkon Skram Heggen	UAH	Solbjørg Myrhaug	UAH
		Teige	
Ørjan Kvalheim	UAH	Siri Sunde	Kinn H

Andre som møtte:

Kjell Heggen, leiar Kontrollutvalet

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Norunn Stavø, kommunalsjef
Runa Hatlenes Nybakk, kommunalsjef
Linda Nipen, økonomisjef
Mari Halsør, spesialkonsulent
Henrik Ulriksen, spesialkonsulent
Oddgeir Nygård, prosjektsjef

Ymse:

Repr. Jacob Nødseth (V) fråtrjedde møtet kl 11.30, repr. Torstein Hagen tiltredde som vara.

Repr. Siri Sunde (H) fråtrjedde møtet kl 14.45. Ingen vara.

Protokolltilførsel i sak 111/25.

Måløy, 24.10.2025

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
105/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
106/25	Spørsmål
107/25	Godkjenning av møteprotokoll
108/25	Orienteringar
109/25	Refererte skriv og meldingar
110/25	Områdevurdering og skulestruktur
111/25	Vedtak av Samfunnsdelen til kommuneplanen 2025-2037 og planstrategi i Kinn kommune
112/25	Kinn kommune- Andre tertialrapport 2025 med revidert budsjett og finansrapport
113/25	KURS KF 2. tertialrapport 2025 og budsjettrevisjon
114/25	Fritak frå politiske verv / suppleringsval - Ingvar Myrvollen
115/25	Søknad om fritak frå politiske verv - Unni Giil
116/25	Suppleringsval - Kinn forliksråd
117/25	Suppleringsval - Plan- og miljøutvalet
118/25	Val av nytt varamedlem - Bordgleder KF
119/25	Interpellasjonar
007/25	Interpellasjon - Prosjektgjennomføring og evaluering av byggeprosjekt
008/25	Interpellasjon - barnehagekapasitet i Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
105/25	Kommunestyret	23.10.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 105/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Venstre v/repr. Eliasson etterlyser moglegheitsstudie frå Florø barneskole som ikkje er lagt ved til kommunestyret, når det er sendt til oppvekst- og kulurutvalet.

SV v/repr. Olafsson etterlyser sak om sjablongar og sonefaktor i Eikefjord, som formannskapet ba om skulle opp i dette møtet.

Kommunedirektøren informerer om, som det står i innkallinga, følgjande: KS advokat utførar supplerande vurderingar kring sonefaktor i Eikefjord. Saka kjem tilbake i neste møte.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 105/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/55562
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 16.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
106/25	Kommunestyret	23.10.2025


Spørsmål

KOST- 106/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Ingen spørsmål.

KOST- 106/25 Vedtak:
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
107/25	Kommunestyret	23.10.2025

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 107/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOST- 107/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 23.09.2025

Protokoll - Kommunestyret - 12.06.2025



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/55563
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 16.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/25	Kommunestyret	23.10.2025

Orienteringar

KOST- 108/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Orienteringane vert teke til etterretning som dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Ingen orienteringar.

KOST- 108/25 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
109/25	Kommunestyret	23.10.2025

Refererte skriv og meldingar

KOST- 109/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

RS 022/25

SV v/repr. Olafsson:

På skulevegen i Eikefjord har det ikkje vore belysning siste veka, midlertidige gangstiar fungerer ikkje optimalt. Foreldre skal ikkje måtte vere redde for barna på skulevegen. Noko må gjerast her.

Ordførar svarar at kommunedirektør og ordførar vil gjennomføre ei synfaring ein morgon og sjå på forholda, ein startar med det først.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteke.

KOST- 109/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.


Underliggande sak:

022/25, Svar på førespurnad om trygg skuleveg i samband med utbygging av gang- og sykkelveg i Eikefjord - Kinn kommune

023/25, Trygg skuleveg i samband med utbygging av gang- og sykkelveg i Eikefjord

024/25, Møteprotokoll - Kinn kontrollutval - 09.09.2025

025/25, Møteprotokoll - representantskapsmøte 02.06.2025 - Vestland Revisjon



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/25	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.10.2025
064/25	Oppvekst- og kulturutvalet	14.10.2025
112/25	Formannskapet	16.10.2025
110/25	Kommunestyret	23.10.2025

Områdevurdering og skulestruktur

KOST- 110/25 Vedtak:

1. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
2. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
3. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeid vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.
4. Byggearbeidet ved nye Skram skule og Florø Barneskule skal vere ferdig innan Raudeberg og Krokane skular vert avvikla, inkludert ny gymsal ved Florø Barneskule.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2025

Vi i rådet kan ikkje støtte nedlegging av skuler, uten at nybygg av skuler er ferdig opprusta og klar til å ta imot nye elever.

For barn med nedsatt funksjonsevne og ekstra behov kan det bli veldig belastende med nye omgivelser, og store skuler med veldig mange barn. Det er lett for dei å bli usynlig. Vanskeligere å passe inn, bli sett. Det er ikkje alle som passer inn i A4 skuler, mange trenger mindre miljø. Vi ser ikkje per no at barn med nedsatt funksjonsevne og ekstra behov blir ivaretatt på grunn av dårlig og mangelfull planlegging.

Vi meiner at her må en kunne vise til en bedre utgreiing til å ivareta disse barna før en kan vurdere nedlegging.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 14.10.2025

1. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
2. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskule som tek imot om lag 70

prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.

3. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeidd vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 16.10.2025

1. Dagens skulestruktur vert vidareført i minimum 3 år, fram til oppstart av skuleåret 28/29
2. Kommunestyret skal gjere ei ny vurdering av skulestruktur og nye opptaksgrenser før budsjetthandsaminga hausten 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Raudeberg skule vert lagt ned med verknad frå 2027, og elevane vert overført til Nye Skram skule. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Raudeberg skule, vert starta opp snarast.
2. Krokane skule vert lagt ned med verknad frå 01.08.2028, og elevane vert overført med ei prosentvis fordeling mellom Florø barneskole som tek imot om lag 70 prosent av elevane og Torvmyrane skule som tek imot om lag 30 prosent av elevane. Sak om utgreiing av nytt opptaksområde for noverande Krokane skule, vert starta opp snarast.
3. Nedlagde skulebygg skal i framtida ikkje nyttast til skuleføremål. Det vert arbeidd vidare med alternativ bruk i samsvar med saksframlegget.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak KOST- 059/25 følgjande:

1. *Kommunestyret legg «grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar» ut til offentleg høyring snarast mogleg, og med høyringsfrist 31. august. Kommunedirektøren skal sørge for breie medverknadsprosessar i høyringsperioden, slik at ein er sikker på at berørte interesser får kome med sine innspel.*
2. *Parallelt med høyringa skal Kinn kommune arbeide med korleis ein kan bruke areala som i dag er Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule på ein måte der ein utviklar nærområdet og motverkar negative effektar av ev. bortfall av skuledrift. Formålet er å bidra til vekst og utvikling gjennom ein framtidsretta aktivitet og bruk av areala (og ev. anna nærliggande areal), dersom konklusjonen etter høyring mv. skulle vere å legge ned den respektive skulen.*
3. *Kommunestyret delegerer til formannskapet å følgje opp arbeidet nevnt i punkt 2 i det vidare på vegne av kommunestyret.*
4. *Formannskapet skal gjennom gode medverknadsprosessar med lokalsamfunna sørge for at dersom kommunestyret vel å legge ned ein skule, så skal det lages konkrete planar og tiltak ein raskt kan gå i gang med for å sørge for at ikkje bygg står tomme, men at ein kjem vidare med å utvikle desse lokalmiljøa i Kinn.*

Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar har lagt ute til høyring, men frist for merknader sett til 31.08.25. Det er gjennomført moglegheitsstudie for Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule.

Kommunedirektøren legg i tråd med dette fram sak med tilråding om ny skulestruktur.

Saksopplysningar:

1. **Høyring av Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar**

Det er kome inn 32 innspel til planen der eit av innspela er trekt:

- 5 frå elevråd

- 6 frå FAU ved skule og barnehage
- 2 frå Skarevik barnehage
- Utdanningsforbundet
- AMU og ATO
- Folkehelseavdelinga
- 2 grendelag
- 2 frå Skaredammen idrettspark SA
- 9 frå privatpersonar
- Ungdommens kommunestyre

Innspela er vedlagt saka og er oppsummert og vurdert i vedlagt notat *Innspel til områdevurdering og skulestrukturalternativ*. Hovudfunn frå høyringa

- Mange av innspela uttrykkjer sterk motstand mot nedlegging av skular. Skulane blir sett på som viktige for lokalsamfunn, trivsel, tryggleik og tilflytting.
- Nedlegging av skular må ikkje baserast på kortsiktig økonomi, men på barnet sitt beste og langsiktig samfunnsutvikling
- Innspel frå m.a. ATO (arbeidstakarorganisasjonane) og AMU (arbeidsmiljøutval) støttar utgreiinga som syner at nedlegging av skular er naudsynt dersom det skal gjerast store innsparingar.
- Fleire meiner grunnlaget for nedlegging er mangelfullt både knytt til alternativ struktur og tilstandsvurdering av bygga.
- Det er peikt på utfordringar knytt til skuleovergang for alle og spesielt for elevar med særskilde behov.
- Opplæringsbasseng på Skaredammen idrettspark
- Kommunen må sette i verk tiltak som gir vekst og utvikling
- Skulenedlegging kan svekke motivasjon, trivsel og meistring

- Det er viktig å sikre ein trygg skuleveg

1. **Barnet sitt beste**

Kommunedirektøren viser til utgreiing om barnet sitt beste i sak [K151/24](#). Barnet sitt beste er og lagt til grunn i utgreiing frå Norconsult og [Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar](#).

3. **Folketalsutvikling i tre tidlegare skulekretsar**

Kommunedirektøren viser til oversikt over folketalsutvikling i dei tidlegare skulekretsane Kvalheim, Våge – Oppedal og Holvik i sak [K151/24](#).

4. **Elevtalsutvikling i grunnskulen**

Kommunedirektøren viser til sak [K151/24](#) der det er vist ei framskriving av klassestorleik. Det er framskrive elevtalet ved skulane ut i frå dei barna som er i kommunen. Første halvår i år er det ytterlegare 34 færre barn i grunnskulealder.

5. **Trafikkavvikling og trygg skuleveg**

Kommunedirektøren viser til sak [K151/24](#), utgreiingar frå Norconsult og Områdevurdering og skulestruktur der både trafikkavvikling og trygg skuleveg er utgreidd.

Trafikkavvikling og trygg skuleveg vil og verte eit sentralt tema når vi saman med foreldre og tilsette skal lage og gjennomføre ein plan for ev. overgang til ein ny skule. Konkrete tiltak etter ei fagleg vurdering og ein dialog med foreldre og tilsette må følgast opp i trafikksekringsplanar med tilhøyrande avsetningar i økonomiplanar.

Elevar frå Raudeberg vil bli frakta med buss, og handtert som ein del av bygging av nye Skram skule.

På Florø barneskole er det i utgangpunktet sikker gang- og sykkelveggar frå Krokane opptaksområde til Florø barneskole, men det vil vere behov for mindre tiltak. For dei føresette som likevel vel å køyre barna til skulen, må det etablerast betre løysingar enn i dag.

For elevar til Torvmyrane er det i utgangspunktet tilfredsstillande trafikkavvikling pr i dag.

6. **Nasjonal utvikling knytt til skulenedlegging**

Kommunedirektøren viser til avsnitt om nasjonal utvikling i sak [K151/24](#). På landsbasis er det særleg skular med færre enn 100 elevar som vert lagt ned. Skular som har blitt lagt ned har i gjennomsnitt 74 elevar siste driftsåret.

5. **Mogleg etterbruk av Raudeberg skule, Krokane skule og Torvmyrane skule**

1. **Mogleg etterbruk av Torvmyrane skule:**

Det er lagt ved ein rapport for kvar av skulane som alle inneheld tre ulike scenario, eit der bygga vert ståande, eit der delar av bygga vert ståande og eit tredje alternativ med nybygg. Det er halde dialogmøte med grendelag og innbyggjarane om mogleg utvikling av skulen/skuleanlegget dersom skulen vert nedlagt både i juni og i august. Innspel frå desse møta og idear for mogleg etterbruk er oppsummert i rapportane som er vedlagt saka. Rapportane er eit fyrste steg i eit arbeid med ein etterbruk dersom skulen vert lagt ned. Fleire har kome med innspel om at moglegheitsstudiane er urealistiske. Det kan vere at dei er urealistiske men dei er i stor grad bygd på innspel frå møta med innbyggjarane. Dersom ein skule vert lagt ned må det fremjast ei ny sak der ein skildrar korleis kommunen skal arbeide for å sikre ein god etterbruk av anlegga.

1. **Mogleg etterbruk av Torvmyrane skule:**

2. Bygga og skuleanlegga blir ståande.

Enkel tilpassing av struktur. Inkluderer mindre bueiningar – godt eigna for eldre og førstegangskjøparar. Næringslokale i søndre fløy. Mindre daglegvarebutikk, kafé og bakeri har vert diskutert. Gymsal blir transformert til fleirbruksareal og treningssenter med tilhøyrande funksjonar. Sosialt gardsrom med paviljong. Barnehagen får behalde leikearealet sitt og får tilgang til gymsalen. Nytt samlingsareal og skulekjøkken erstattar dagens løysingar.

2. Delar av bygga og anlegget blir ståande.

Nye bustadar i kvartalsstruktur. Gode gardsrom med leikeplass og paviljong. Eksisterande P-plass blir utvida. Næringslokale i nybygg. Mindre daglegvarebutikk, kafé og bakeri har vært diskutert. Gymsal blir transformert til fleirbruksareal og treningssenter med tilhøyrande funksjonar. Sosialt gardsrom med paviljong. Barnehagen får behalde leikearealet sitt og får tilgang til hallen. Nytt samlingsareal og skulekjøkken erstattar dagens løysingar.

3. Alle bygg og skuleanlegg blir rivne og området blir transformert

2. **Mogleg etterbruk av Krokane skule:**

3. **Mogleg etterbruk av Raudeberg skule:**

Nye bustadar i kvartalsstruktur. Gode gardsrom med leikeplass og paviljong. Eksisterande P-plass blir utvida. Næringslokale i nybygg. Mindre daglegvarebutikk, kafé og bakeri har vært diskutert. Ny gymsal/fleirbruksareal og treningssenter med tilhøyrande funksjonar. Sosialt gardsrom med paviljong. Barnehagen får behalde leikearealet sitt og får tilgang til gymsalen. Nytt samlingsareal og skulekjøkken erstattar dagens løysingar.

Konklusjon frå Salt Arkitekter

Vi tilrår å legge bevaring av eksisterande bygningsmasse til grunn for Torvmyrane, der ein transformere hovudbygningar og uteareal ved å gje det ny bruk. Eksempel på nytt program er samlingslokale, dagsenter og mindre bustader. Vidare arbeid må avklare teknisk tilstand, marknadspotensiale og driftsmodell.

Torvmyrane skule har utover skulefunksjon også sterk lokal forankring med bruk av uteområde, «fugleberget», barnehage og som utfartsområde for turar i Brandsøyåsen. Bygget er i god teknisk stand og har ei spennande og tidsriktig arkitektonisk utforming som skule. Lokalmiljøet ønskjer i stor grad ombruk av bygget og at dei eksisterande kvalitetane vert tatt vare på.

Folkemøtet peikte på vern av «fugleberget» og at mange større kommersielle funksjonar vil vere urealistiske. Samstundes er det ynskje om fleirfunksjonelle areal (treningscenter, samlingslokale) – men med tydeleg krav om realistisk driftsmodell. Scenario med ombruk og bevaring tilbyr høg miljøgevinst og vidareføring av dagens identitet som skulebygg, men krev prioritering av kva delar av bygningane og funksjonar som er mest eigna å omforme.

Scenario som viser skisseprogram for treningsfasilitetar, bustader og mindre næring (cafe/ butikk) er ein god strategi for nybruk med forankring i lokalmiljøet.

2. Mogleg etterbruk av Krokane skule:

3. Bygga og skuleanlegga blir ståande.

Etablering av leilegheiter i ulike storleikar for sal på open marknad – eigna for eldre, førstegangskjøparar og utleige til turistar. Mindre bustader eller hotellforma einingar for utleige til turistar. Gymsalen nyttast som fleirbruksareal. Uteområdet bør takast vare på som tun for bebuarar og til aktivitetar for nærmiljøet.

2. Delar av bygga og anlegget blir ståande.

Nye bustadar i kvartalsstruktur. Gode gardsrom med leikeplass og kolonihage. Auka parkering vert plassert nord på tomte. Ny næring vert plassert nord på tomte. Hagesenter, kafé, lager og kontor er vurderte, men hagesenter vert peikt ut som mest aktuelt. Fellesareal som drivhus, dagsenter og samlingsrom vert plasserte midt i gardsrommet. Leikeareal og gymsal som kvalitetar for bebuarar og barnehage. Gardsrom i naturnære omgjevnader

4. Alle bygg og skuleanlegg blir rivne og området blir transformert

3. Mogleg etterbruk av Raudeberg skule:

Nye bustadar i kvartalsstruktur. Gode gardsrom med leikeplass og kolonihage. Auka parkering vert plassert nord på tomte. Ny næring vert plassert nord på tomte. Hagesenter, kafé, lager og kontor er vurderte, men hagesenter vert peikt ut som mest aktuelt. Fellesareal som drivhus, dagsenter og samlingsrom vert plasserte midt i gardsrommet. Nye treningsfasilitetar vert bygd. Leikeareal og gymsal som kvalitetar for bebuarar og barnehage. Gardsrom i naturnære omgjevnader.

Konklusjon frå Salt Arkitekter

Vi tilrår at riving og nybygg vert lagt til grunn for Krokane skule. Nybygging gir best moglegheit for å realisere eit framtidsretta, energieffektivt og funksjonelt bustad- og næringsområde. Det bør prioriterast godt utforma uteområde med leikeareal. Det same gjeld ei gjennomtenkt plassering av areal for sambruk på tvers av brukargrupper som gymsal og grøntareal. Vidare arbeid må avklare teknisk tilstand, marknadspotensiale og driftsmodell.

Krokane er attraktivt plassert i forhold til Florø sentrum og fortetting her er politisk forankra. Eit eldre eksisterande bygg kan ha bygningstekniske begrensningar som gjer det utfordrande å realisere eit moderne, energieffektivt og nytt program utan større inngrep. Scenario der ein vektlegg riving og nybygg gir stor fleksibilitet og evne til å skape eit moderne nabolag med bustad, næring og fellesfunksjonar.

Innspela frå folkemøtet understrekar at gymsal og grøntareal er kvalitetar som bør ivaretakast i nytt prosjekt, der blant anna bevaring av dagens leike- og skogsareal også må vere ein del av planen. Det er ønskeleg med bustad og næringsareal. Samstundes er det uttrykt at nokre i lokalmiljøet er skeptiske til full riving pga. tap av historisk identitet. Mulighetsstudiet og skisserte program viser fleire programalternativ med kombinasjonar av leilegheiter i ulike størrelsar, næringsareal, gymsal og fellesfunksjonar.

Full riving vil redusere historisk identitet (frå tidlegare skulebygg) prosessen vidare bør derfor vektlegge nybygg som refererer til staden (form, grøntstruktur ol) for å bygge ny identitet. Nybygg gir ofte betre driftsøkonomi og energirekneskap, men krev større kapital i etableringsfasen og god regulering/finansiering for å lykkast.

3. Mogleg etterbruk av Raudeberg skule:

4. Bygga og skuleanlegga blir ståande.

Etablering av leilegheiter i ulike storleikar for sal på ope marknad – eigna for eldre, førstegangskjøparar og utleige til turistar. Mindre bustader eller hotellforma einingar for

utleige til turistar. Gymsalen nyttast som fleirbruksflate. Uteområdet bør takast vare på som tun for bebuarar og til aktivitetar for nærmiljøet.

2. Delar av bygga og anlegget blir ståande.

Bygget i sør blir bevart og omgjort til mindre bustader i 2. etasje – aktuelt for eldre, nyetablerarar og utleige til turistar. Gymsalen vert vidareført som aktivitetshall. Nytt bassenganlegg for opplæring og terapi – attraktivt for bebuarar og turistar. Tak med skatepark, leikeplass og utsiktspunkt. Mindre bustader eller hotellforma einingar for utleige til turistar. Utescene på taket med aktivitetsflate og plass til tilskodarar.

3. Alle bygg og skuleanlegg blir rivne og området blir transformert

Scenario 3 satsar ikkje på ei større utbygging av bustader. Dette kan i staden gjerast på avsett tomt i arealplanen (BO 13). Nytt bygg med treningssenter, klatrepark og basseng. Aktivitetsflate med skatepark og t.d. basketballbane. Overbygd møteplass og utsiktspunkt. Basert på innspel frå folkemøte og skisseprosjekt ved Skaredammen idrettspark. Utescene på taket med aktivitetsflate og plass til tilskodarar.

Konklusjon frå Salt Arkitekter

Vi tilrår at delvis bevaring og nybygg leggjast til grunn for Raudeberg skule. Dette tiltaket gir best balanse mellom bevaring av sentrale bygg og identitet, miljøgevinst og moglegheit til å utvikle nye bustader og aktivitetstilbod. Vidare arbeid må avklare teknisk tilstand, marknadspotensiale og driftsmodell.

Mulighetsstudiet framhevar lokale kvalitetar på tomta og ved skulebygget som bør vektleggast vidare, dette er gymsal for fleirbruk, uteområde, nærleik til Skaredammen og eksisterande omsorgssenter/ barnehage. Det er viktig å behalde identitet og lokale kvalitetar, samstundes som ein får fleksibilitet til å tilpasse ombruk av bygga til framtidige behov.

Scenario der ein bevarer ein delar av bygningsmassen, og supplerer med nye bygg er eit balansert mellomalternativ. Ein tek vare på utvalde delar av eksisterande bygningsmasse samtidig som ein opnar for nybygg der det er mest tenleg økonomisk og funksjonelt.

I folkemøta peika ein blant anna på ønskje om mindre leilegheiter for eldre/ungdom, utescene samt og kultur og aktivitetsfunksjonar. Det blei også vist skepsis til store, kostnadskrevjande anlegg. Dersom kommunen ikkje tek ei aktiv rolle (tomtetilrettelegging, tilskot eller fellesfinansiering) kan sal/utleige av nye einingar bli vanskeleg.

Funksjonar som symjehall/basseng må skje i samspel med Skaredammen. Ei utbygginga må koordinerast for å unngå unødig duplikat av idrettstilbod som allereie finst i området.


8. **Vi må vere saman om ein god oppvekst**

4. Rekruttering og sterke profesjonsfellesskap

Eit av måla i Temaplan for oppvekst er : **Vi har ein oppvekstsektor som sikrar likeverdige tenester**

Skulen skal utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Slike miljø skal utviklast og oppretthaldast av trygge og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane.

Det skal vere eit like godt tilbod uavhengig av kva skule ein går på. Figuren under viser vurderingskriteria som er nytta i utgreiningane.



4. Rekruttering og sterke profesjonsfelleskap

- Det er allereie utfordringar med rekruttering i dag
- Auka kompetansekrav til undervisning i grunnskulen kan gjere det vanskelegare for mindre skular å dekke alle fagområde, særleg innan mindre fag. Større skular vil i prinsippet kunne ha større fleksibilitet og spesialisering i lærarkollegiet.
- Dersom Kinn kommune skal vere i stand til å tilby attraktive arbeidstader, må ikkje berre anlegga vere moderne - men kommunen må og kunne tilby fagmiljø som kan spesialisere seg, som er tufta på samarbeid og teamutvikling.
- På større skular med fleire klassar på kvart årssteg, vil det vere større høve for samarbeid og fordjuping enn i skular med berre ein klasse pr. årssteg eller fleire årssteg i ein klasse.
 - Det tverrfaglege samarbeidet om førebygging og tilrettelegging mellom skule og hjelpetenester, vil bli enklare å organisere og gjennomføre med færre skular.

5. Kvalitet og storleik på skular og klassar

- Forsking viser ein svak samanheng mellom kvalitet og storleik på skular.
- Det er ei svak positiv samanheng mellom storleiken på skulen og elevane sitt læringsutbytte opp til eit visst punkt, og deretter blir det ein svak negativ samanheng når skulane blir større.
- Ideell skulestorleik kan ligge på mellom 500 – 700 elevar for barneskular. Samstundes er det viktig å understreke at dei skulefaglege prestasjonane statistisk sett berre vil synke marginalt om skulane er større eller mindre enn dette.
- Storleiken på skulen forklarar ikkje åleine om elevane trivst eller ikkje trivst på skulen, sjølv om det er ein svak tendens til at elevar på småskuletrinnet trivst noko dårlegare på skular med færre enn 150 elevar. Skulestorleik åleine ser heller ikkje ut til å ha nokon effekt på omfanget av mobbing, og inneber at mobbing i liten grad

kan knytast til strukturelle forhold i skulen.

- Studiar er ikkje eintydige på om flytting av elevar fører til dårlegare læringsresultat. På forskning.no er det nyleg publisert ein artikkel knytt til klassestorleik og læring og trivsel: [Ingen grunn til å bli stresset hvis ungen din går i en klasse med mange elever](#). Når det gjeld læring har norske forskarar stort sett ikkje funne effektar av klassestorleik (klassar frå 15-30 elevar). Trivsel finst det mindre forskning på, men i ein klasse med få elevar kan det vere utfordrande å finne vener og å dele opp i mange klassar kan få verknader for lærarkvaliteten. Det er først når skulane klarer å nytte dei ekstra lærarane på ein målretta og gjennomtenkt måte at det får ein effekt. Det er eit tiltak som har vist god effekt og det er å gi undervisning i små grupper på rundt fem elevar. To store forskingsprosjekt ([Two Teachers](#) og [1+1](#)) viser at dette er tiltak som gir effekt. Ein kan ikkje gjere meir av det same i mindre grupper men nytte høvet til å tilpasse og variere undervisninga. Det er difor viktig at skulane våre har fysisk plass til smågruppeundervisning. Forskinga på to lærarar i klasserommet fant ingen effekt, og det finn heller ikkje [evalueringa av lærernormen](#). Det har blitt fleire lærarar, men førebels ikkje meir læring eller trivsel. Det er ikkje grunnlag i forskninga for å anbefale ein bestemt klassestorleik eller lærartettleik.
- Nordlandsforskning « [Konsekvenser av skolestrukturendringer i videregående skole-en kunnskapsoppsummering om skolesentralisering, reisevei, hybeltilværelse og alternative modeller for videregående opplæring](#) ». Dette er en delrapport i prosjektet Kunnskapsgrunnlag for planlegging av fremtidig skole- og tilbudsstruktur innen videregående opplæring i Trøndelag. Denne rapporten oppsummerer m.a. forskning på endring i skulestruktur på grunnskulenivå. Det er i tillegg utarbeidd «*Vurderinger av barnets beste ved skolestrukturendringer. En veileder til barnerettighetsvurderinger basert på norsk lovverk, eksisterende veiledere og lovlighetskontroller*» (Videt et al., 2025). Seniorforskar Lea Louise Videt seier at «*studier på grunnskolenivå viser at noen elever vil få det bedre på en større skole, men andre elever trenger tryggheten som finnes i mindre skoler. Likevel, noen studier peker på en forstyrrelseseffekt, at skolenedleggelser gir en midlertidig negativ effekt på skoleprestasjonene. Men andre studier finner ikke denne effekten og ingen studier viser langvarig negativ effekt gjennom det videre studieløpet*».


6. God opplæring i eit godt miljø

- Overordna prinsipp for læring, utvikling og danning er:
 - Sosial læring og utvikling
 - Kompetanse i faga
 - Grunnleggande ferdigheiter
 - Å lære å lære
-
- Ei berekraftig utvikling er knytt til både økonomi, miljø og sosiale forhold. Den må og vere til barns beste.
 - Mange elevar vil framleis kunne gå og sykle til skulen om ein gjer endringar i Florø, men endringar fører til at fleire må ta skulebuss. Særleg mange gjeld dette i Florø dersom elevar vert flytta frå Florø barneskole til Krokane.
 - Endring i skulestrukturen i Måløy gjer at fleire må ta skulebuss.
 - Elevane sin rett til leik og fritid vil i liten grad verte råka, då mange kan gå/sykle til skulen og nytte det same fritidstilbodet dei har nytta tidlegare.
 - Skulebyte vil vere ei omstilling som må sikrast med gode overgangsprosessar

Vurderingar:


Vi har i dag ein overkapasitet i barneskulen. Det er i dag nesten 300 færre barn i barneskulen i dag samanlikna med 2017. Prognosane framover ([Befolkningsutvikling i Kinn kommune 2025-2050](#)) viser ein vidare nedgang i talet på barn med om lag 120

færre barn i barneskulen i 2035. Dersom vi legg til grunn ssb sitt middelalternativ og berre ser 10 år fram i tid har vi lagt til grunn om lag 90 fleire barn i barneskulen enn dei prognosane til ssb legg til grunn. Det ligg stor risiko knytt til ei slik positiv innstilling til mindre nedgang i talet på barn. I fjor vart det 92 færre barn i aldersgruppa 6-12 år. Første halvår i år er det 34 færre barn i aldersgruppa 6-12 år. Vi har i dag skulebygg som både er i tekniske dårleg stand og som ikkje er optimale med omsyn til pedagogisk funksjonell eignaheit.



Det er i utgreiingane vurdert kva som er til barn sitt beste og ein struktur som er tilpassa talet på elevar (sjå utgreiing i sak [K151/24](#) der elevtalsutvikling for skulane er gjengitt, både dei faktiske elevtala og prognose). Konklusjonen legg til grunn at det er viktig å heve både teknisk og funksjonell kvalitet på skulebygga slik at vi får eit likeverdig tilbod til elevane i Kinn.

Kommunedirektøren er sterkt uroa for tilbodet til elevane om vi ikkje gjer strukturendringar no. Kommunestyret har vedteke omstillingsrammer for grunnskulen og det er ikkje funne rom for å rehabilitere alle skulebygga som er i drift i dag.



Vurdering av skulestruktur er meir enn ei økonomisk vurdering. I utgreiingane er det lagt vekt på fleire dimensjonar, sjå m.a. figuren over. Barnet sitt beste har vert sentralt i desse vurderingane. Ved ei ev. nedlegging av ein skule er det viktig å sikre gode overgangar og spesielt for sårbare barn og barn med særlege behov. Spesielt for denne gruppa kan vi i einstilte tilfelle bruke opp mot 1,5 år ved overgangar. Det er difor viktig at vi får ei avklaring av skulestruktur og at det er sett av god tid til å sikre gode overgangar.

Driftssituasjonen er kritisk, og justering av grunnskuleramma til same nivå som samanlikningskommunane er særskild utfordrande. Ut i frå fleire av bygga sin forfatning er det uklårt kor lenge vi kan drive dei utan omfattande pålegg. Vi bør difor gjennomføre endringar på ein planlagt og trygg måte. Ein skulestruktur med færre og større skular vil og kunne bidra til ei betre rekruttering og sterkare profesjonsfellesskap i skulane.

Barnet sitt beste vege opp mot andre omsyn:

Oppsummering av barnets beste vurdering knytt til skyss: For alle tre skulane som er føreslegne nedlagde vil ikkje nye skyssmåtar/skysstider vere utanfor det kommunedirektøren vurderer som akseptabelt. Det vil også vere mogleg for borna å nytte fritidsaktivitetar som tidlegare.

Skulebyte og barnets beste vurdering: Ei skulestrukturendring vil kunne medføre ei stor omstilling for elevane dette gjeld.

For nokre elevar kan det å byte skulemiljø vere krevjande. Å skifte frå eit nært og kjent skulemiljø til noko ukjent og større kan vere utfordrande. For andre elevar vil dette gje høve til å skape nye vennskap og relasjonar.

Barnet sitt høve til å oppretthalde relasjonar: Elevane ved Krokane skule og Raudeberg skule vil ha høve til å oppretthalde relasjonar til nære venner sidan alle elevane vil gå over til ny skule. For elevane i Stavang er prosessen med overgang til ny skule byrja og dei får høve til ei gradvis oppbygging av nye vennskap på den nye skulen.

Sårbarheitssituasjon: For dei elevane som er få i aldersgruppa kan det opplevast som meir krevjande om dei skal inn i veletablert klassegrupper med mange fleire elevar enn det dei er vande med. Dette vil stille krav til overgangsprosessane som det må leggjast til

rette for.

Å handtere og meistre overgangar mellom skuleslag er likevel ei naturleg del av elevane si utvikling og mogning. Kinn kommune har prosedyre for overgangar mellom barnehagar, mellom barnehage og skule, og overgangar mellom skular. Det er såleis ei brei erfaring i og mellom tenestene for å ivareta elevane i overgangssituasjonar.

Ved endringar i skulestrukturen vil elevane oppleve «overgang til ny skule» på ein annan måte. Dette vil gjelde både elevane som skal til ein ny skule, og elevane som allereie går på skulen og som får nye elevar i klassen.

Ved ei ev. nedlegging av ein skule er det difor viktig å sikre gode overgangar og spesielt for sårbare barn og barn med særlege behov. Spesielt for denne gruppa kan vi i einiskilde tilfelle bruke opp mot 1,5 år ved overgangar. Det er difor viktig at vi får ei avklaring av skulestruktur og at det er sett av god tid til å sikre gode overgangar.

Tiltak som kan redusere eventuelle negative konsekvensar:

Erfaringar vi har i Kinn, er at det er viktig at skulane og føresette i god tid startar eit samarbeid om å legge til rette for gode prosessar slik at elevane kan bli kjende og trygge i det nye skulemiljøet. Slikt arbeid bli ekstra viktig når det er snakk om å slå saman skular som t.d. Raudeberg og Skram, Florø barneskole og Krokane skule (70 prosent) og Krokane skule (30 prosent) og Torvmyrane skule.

Vekting av barnets beste opp mot andre relevante omsyn.

Den konkrete vektinga av barnets beste i høve at elevar ved skulenedlegging vil måtte byte skule, samt at mange elevar får ei lengre reisetid til skulen vil i denne saka vegast opp mot :

- Kinn kommune sine økonomiske utfordringar der det innafor oppvekstsektoren er lagt opp til ein rammereduksjon på 46 millionar kroner.
- Overkapasitet i skulebygga ut frå tal elevar pr. i dag, som vert ytterlegare forsterka ved ein framtidig elevtalsnedgang. Dette gjev behov for å redusere drift, vedlikehald og rehabilitering av færre skulebygg.
- Sikre framtidig rekruttering til sterke profesjonsfellesskap i større skular.

Vekta heilskapsvurdering:

Omsyn	Betydning for barnet sitt beste	Betydning for økonomi	Betydning for pedagogisk kvalitet	Vekta heilskapsvurdering
Skulesamanslåing	Moderat negativ	Betydeleg positiv	Betydeleg positiv	Til fordel for samanslåing, men med avbøtande tiltak for elevar med særskilte behov.
Auka reiseveg	Moderat negativ	Nøytral	Moderat negativ	Skuleskyss for elevar på Raudeberg skule må optimaliserast for å redusere ulempene med noko auka reiseveg.
Styrka læringsmiljø	Betydeleg positiv	Moderat positiv	Betydeleg positiv	Fordel ved samanslåing fordi læringsmiljøet vert styrka.

Kommunedirektøren har vurdert dei ulike omsyna og tilrår at ein går vidare med dei tilrådde strukturtiltaka i M1 alternativet.

Norconsult har i sin [rapport](#) (side 42) gjort ei oppsummering av konsekvensane knytt til M1 alternativet som er kommunedirektøren sin tilråding til ny skulestruktur i Kinn kommune.


Økonomiske konsekvensar:

Omstilling og ressursendring som fylgje av færre elevar og fleire eldre

Omstilling og endra ressursbruk hos oss kjem av store investeringar. Oppgåvene til pleie- og omsorg vil vekse og vi vil få færre born som skal ha grunnskuletilbod. Inntektssystemet fungerer slik at vi får lågare inntekter når vi får færre barn. Derfor kan vi ikkje tildføre ressursar til grunnskulesektoren utover i økonomiplanperioden, men dei må reduserast, slik figuren nedanfor viser.

Kinn kommune er ikkje eit særtilfelle for desse utviklingstrekk. Større kommunar har også slike framtidsutsikter. Omprioritering og endra ressursdisponeringar er derfor heilt naudsynt. Vi må gjere dette for å møte innbyggjarane sine behov etter kvart som vi får endringar i folketalssamansetjing og når rente- og avdragskostnader aukar.

Figur: Endra utgiftsbehov med utgangspunkt i demografiske endringar (inntektssystem gjev kring 100 mill. kr. i lågare inntekter til barn og unge)



Høgare ressursbruk til grunnskule i Kinn kommune vs andre kommunar

Samanlikningskommunane til Kinn kommune driv grunnskule rimelegare. Netto driftsutgifter per innbyggjar, behovskorrigert, var for grunnskule 19 mill. kroner i 2024 høgare i Kinn. Det er berre skulelokale (222) og skuleskyss (223) Kinn driv rimelegare samanlikna med KOSTRA-gruppa.

Agenda Kaupang skriv i sin rapport for 2025:

Høye utgifter per elev til grunnskule kan komme av små skoler eller lav produktivitet (høyere utgift per elev enn skolestrukturen tilsier).

Kinn kommune sitt omstillingsprogram (sak 25/164)

Hausten 2024 gjennomførte vi ein omfattande analyse for å gjennomgå drifta med tanke på endra folketalssamansetjing og tilpassing til større investeringar. For å balansere driftsøkonomien dei neste fire åra er det i utgangspunktet tatt høgde for at kommunen skal realisere innsparingstiltak for til saman 160 mill. kroner innan 2029 (k.sak 24/163, f.sak 25/005, fin sak 25/031). Grunnskulen sin del av dette programmet er 50,9 mill. kr.

Tabell: Omstilling i Grunnskule, tiltak

Grunnskule	2025	2026	2027	2028	2029
AK Oppvekst Tiltak 09 Strukturtiltak Stavang skule	-1 169	-2 806	-2 806	-2 806	-2 806
AK Oppvekst Tiltak 10 Omstilling i grunnskulen	-3 000	-4 000	-5 000	-7 000	-7 000
AK Oppvekst Tiltak 11 Reduksjon merkantil stilling	-150	-350	-350	-350	-350
AK Oppvekst Tiltak 12 Omstilling SFO - redusert bemanning 1:1	0	0	0	0	0
AK Oppvekst Tiltak 13 Omstilling SFO - redusert opningstid	0	0	0	0	0
AK Oppvekst Tiltak 14 Reduksjon av merkantil stilling PPT	-350	-350	-350	-350	-350
Demografi Grunnskule, oppdatert 2026-2029	0	-7 767	-16 024	-23 944	-30 345
Redusert ramme grunnskule, justert: inkl ned på KOSTRAgruppe 7	-4 076	-6 946	-10 083	-10 083	-10 083
Sum Grunnskule	-8 745	-22 219	-34 613	-44 533	-50 934

Oppdatert etter sak i finansutvalet 031/25 med omsyn til at 2029 også er med i tabellen

Tabellen er sett saman med utgangspunkt i tiltak som grunnskulesektoren har omtalt og greidd ut i samband med prosessen hausten 2024. Arbeidsgruppa som vurderte tiltak i grunnskulesektoren gav råd om endringar i skulestruktur som konkret tiltak for å møte redusert ramme grunna færre elevar. For å sikre ei effektiv, føreseieleg og likeverdig drift av oppvekstsektoren er det m.a. utgreidd og tilrådd strukturgrep med færre skular.

I 2023 og 2024 hadde grunnskuleramma store overskridingar (13 mill. kr. og 9 mill. kr.), sjå årsrapportane. Å hente att meirforbruket vil i seg sjølv gje effekt og vere krevjande, men naudsynt ut frå kommunen sitt samla behov for økonomiske omstilling.


Områdevis vurderingar og økonomiske konsekvensar av strukturval

I sak [24/151](#) gjorde kommunestyret vedtak om ei områdevurdering av alle skulane i Måløy og Florø (eks. Eikefjord). Vedtaket innebar at kommunen skulle konsekvensvurdere alle område med og utan skule. I plandokumentet er dette omtala nærare.

Kommunestyret bad også om økonomiske vurderingar av områdealternativ med og utan skule. Såleis er det laga investerings-, drifts- og ressursmessige forutsetningar for nedlegging av ein og ein skule, dvs. Krokane, Raudeberg, Skavøypoll, Brandsøy, Florø barneskule og Torvmyrane (føresetnadene er referert i tekstboksen under).

Dei økonomiske konsekvensane er utgreidd i [Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar](#). Det er stor grad av kompleksitet i å analysere dei investeringsmessige økonomi- og driftsmessige konsekvensane av alternativa kommunestyret har bede om.

Figur: Strukturval: Oversikt over områdevurderingar med/utan skule – konsekvensar for økonomiplan (grøne søyler gir positive bidrag/tiltak som løyser omstillingsbehovet, raude strukturalternativ gir auka kostnader i høve økonomiplan



Førsetnader for tala bak figuren

- Forskjellar i investeringar mellom alternativa. Desse er avhengig av kapasitet og tilpassing til areal- og funksjonsprogrammet. Ein oppnår mindre investeringar med å fase ut bygg og legge ned bygg av låg standard og låg tilpassing til dagens behov for areal- og funksjonar.
- Rente- og avdragskostnadene fylgjer investeringane.
- Drift av skulebygg er avhengig av størrelse på bygg. Då arealet varier mellom områdevurderingane er det som omtalt teke utgangspunkt i KOSTRA-vurderingar.
- Det er teke omsyn til den administrative delen av ein skule som representerer ei innsparing dersom den blir lagt ned. Når ein skule får endra elevtal aukar også dei administrative oppgåvene.
- Kvar skule vert tildelt ein basisressurs, uavhengig av elevtal. Dette representerer også ei innsparing om ein skule vert lagt ned.
- Det er teke omsyn til kostnader til riving, etterbruk, mogleg tomtsal og planlegging dersom ein vel å fase ut eit skuleanlegg.
- Det er teke omsyn grupper/klasser basert på elevtal i 2030/2031 for å illustrere forskjellar i områdevurderingane med/utan skule. Tilsvarande har ein gjort om det er forskjellar på årsverk mellom alternativa (lærarnorm). Lærarnorma gjer at ein ikkje kan ta ut effektar av klasseendringar fullt ut.

Figuren over viser at oppgradering og rehabilitering av Florø barneskule saman med nedlegging av Krokane skule gjev best ressursmessig- og økonomiske tilpassing. I Måløy gjev alternativet med nedlegging av Raudeberg skule og overføring av elevane til nye Skram skule tilsvarande tilpassing. Desse to alternativa er dei tiltaka som oppfyller kommunestyret sine krav til gjennomføring (20 mill. kr. i innsparing i høve økonomiplan).

Tiltaka gjer det mogleg å oppfylle vedteke omstillingsprogram. Endring i struktur legg til rette for ei organisering av grunnskuletilbodet som gjev tilpassing til elevtalsgrunnlaget med lågare inntekter. Strukturendringar legg forholda til rette for å ta vare på kvaliteten i grunnskuletilbod.

Endring i skulestruktur gjev såleis ei framtidsretta tilpassing til rammevilkåra. Planen legg rette for å oppgradere skulane til tilfredsstillande lokale som etterkjem tekniske, pedagogiske og funksjonelle krav. Faglege råd som er gitt gjennom prosessen dei tre siste åra tyder ikkje på eit forringa grunnskuletilbod ved skulenedlegging, og som det går fram av drøftinga over. Det er kommunedirektøren si vurdering at ved færre skular, og oppgraderingane ved Skram skole og Florø barneskole, får vi også ei meir fleksibel, fagleg forsvarleg og ressurseffektiv skuledrift.

Det er i områdeplanen teke med omfang og kostnader for omgjering av areal og områdetransformasjon ved ei mogleg skulenedlegging i eit område. Dette gjeld planlegging, mogleg riving av heile eller delvis bygg og eingongskostnader til områdefornyng.

Alternativ til endring i skulestruktur

Figuren i førre avsnitt viser forverra økonomiplanbalanse med 33 mill. kr. mellom å halde fram med dagens drift kontra å redusere tal skular. Å halde på dagens struktur betyr oppgradering og fleire bygg å drive, og gjev ei mindre effektiv skuledrift. Dette gjer at å oppretthalde dagens struktur blir dyrare enn kva vi i økonomiplanen har teke omsyn til, og vi må legge inn ekstra ressursar.

Bortfall av endring i skulestruktur betyr at vi ikkje kan oppfylle omstillingsprogrammet kommunestyret har sett. Vi må finne tiltak for 70% av omstillingsprogrammet innan grunnskule med andre tiltak.

Dei fleste skular ligg på, eller tett ved krav til lærartettleik (ref. finansutvalet 25/030 og k.styre 25/059). Færre elevar gjev ikkje færre klassar/grupper når vi har mange skular. Ein dyr struktur med lite fleksibilitet og mange skular gjer at ressursane vert bunde opp i mange bygg og fordeling av ressursar til faste kostnader i skuledrifta (energi, vedlikehald, administrasjon og fast tildeling av ressursar).

Kommunen står også ovanfor å måtte gjere utbetring, vedlikehald og rehabilitering som nødløysingar, og liten grad som resultat av langsiktig planlegging. Vi veit også at deler av meirforbruk på skulane også skuldast mindre effektive bygg og manglande funksjonar, t.d. grupperom.

Sjølv om vi skulle redusere investering i Florø barneskole (eks. gymsal), kan vi oppnå reduserte rente- og avdragsutgifter på kring 7-9 mill. kr., men samstundes stå ovanfor å auke andre byggrelaterte kostnader over tid med stykkevis og delt oppgradering. Det same vil vi måtte gjere på dei andre skulane. Utsett oppgraderingar risikerer vi større kostnader over tid.

Med nedgang i elevtalet vil vi ikkje klare å organisere undervisninga på kvar skule innanfor dagens skulestruktur med utgangspunkt dei rammene som er lagt og dei omstillingskrav grunnskule har. Om vi ikkje gjer endringar i struktur, vert meste truleg konsekvensen at grunnskulen ikkje vert drifta innanfor lærarenorma, og vi vil drive ulovleg. Det vil også kunne gje utfordringar å kunne forsvare tilpassa undervisning med reduserte rammer.

Kommunedirektøren trur det vil vere særskild utfordrande, og *kanskje* ikkje mogleg med den kunnskapen administrasjonen har i dag, å setja saman ein økonomiplan som er realistiske og konkret utan å gjere tiltak som er gjort framlegg om i denne saka. Dersom kommunen ikkje klarer å realisere tiltak for dette, er det stor grunn til å forvente at kommunen kjem i ein problematisk underskotssituasjon.

Det alvorlege, og truleg viktigaste, er at strukturendring gjev ei nødvendig tilpassing til kommunen sine økonomiske realitetar. Kommunedirektøren vurderer at er ein moglegvis er i ferd med å ta økonomisk risiko som er i strid med kommunelova § 14-1.

"Kommunedirektøren er sterkt uroa for undervisningstilbudet til elevane om vi ikkje gjer strukturendringar. Fleire av skulebygga har ei forfatning der vi ikkje kan innestå for kor lenge vi kan drive dei utan omfattande pålegg om utbetring/oppgradering. Det er ikkje mogleg å rehabilitere alle skulebygga, så her må vi prioritere. Driftssituasjonen er kritisk, og justering av grunnskuleramma til eit nivå likt med samanlikningskommunane er særskild utfordrande i seg sjølv. Kommunen er moglegvis i ferd med å ta økonomisk risiko som er i strid med kommunelova § 14-1. Vi har ein økonomiplan er i ferd med eller nær ved gå utanfor kommunen si handlingevne. Dersom kommunen ikkje klarer å realisere salderingstiltak for 150-160 millionar kroner, er det stor grunn til å forvente at kommunen kjem i ein problematisk underskotssituasjon.

Den økonomiske evna til å handle vil potensielt bli utfordra, med tilhøyrande risiko for at det vil gå betydeleg utover tenestetilbudet til innbyggjarane". (k.styre 25/008, Finansutvalet sak 25/030, f. sak 25/005).

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vurderinger av barnets beste ved skolestrukturendringer (2025)

<https://nforsk.brage.unit.no/nforsk-xmlui/bitstream/handle/11250/3197052/NF-rapport%2010/2025%20Vurderinger%20av%20barnets%20beste.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

«Konsekvenser av skolestrukturendringer i videregående skole - En kunnskapsoppsummering om skolesentralisering, reisevei, hybeltilværelse og alternative modeller for videregående opplæring»

<https://nforsk.brage.unit.no/nforsk-xmlui/bitstream/handle/11250/3197053/NF-rapport%209/2025%20Konsekvenser%20av%20skolestrukturendringer%20i%20videreg%20a5ende%20skole.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Ingen grunn til å bli stresset hvis ungen din går i en klasse med mange elever

<https://www.forskning.no/skole-og-utdanning/ingen-grunn-til-a-bli-stresset-hvis-ungen-din-gar-i-en-klasse-med-mange-elever/2547437>

forskningsprosjekt Two Teachers og 1+1 <https://www.forskning.no/skole-og-utdanning/tuservis-av-elever-har-hatt-to-laerere-i-klassen-samtidig-hvordan-gikk-det/2213481>

Leige til eige - prosjekt leilighet	310	200	0
Oppgradering Hamregata 12	150	0	0
Sum Bustad	15 041	12 900	3 000
Brann- og ulukkesvern			
Ny brannstasjon – Vågsøy Brann og redning (6106)	5 808	1 000	0

Hovedbrannstasjon - Florø	25 365	65 000	-11 000
Ny brannbåt	3 411	0	0
Kommandobil brann Florø	-857	0	0
Utstyr til kursverksemd	1 000	1 000	0
Innkjøp utstyr til depot, Brann og ulykkesvern	500	500	0
Sum Brann- og ulykkesvern	35 226	67 500	-11 000
Vatn, avløp og renovasjon			
Justeringsavtale Sjøtunet (Florø)	-2	-2	0
Justeringsavtale Bjørdalslia (Florø)	-122	-122	0
Justeringsavtale Instetunet Sør 23/349 (Florø)	-60	-60	0
Øvre Måløy høydebasseng (7120)	131	0	0
Fornyng/forvaltning avløpsnett	7 139	2 000	-5 000
Holvik Avløpsanlegg	0	0	35
Hovedplan Vannforsyning (75021)	0	0	100
VA ledningar Tua Gaddevågen (75022)	-173	0	10
Tiltak V2.Utskifting av overføringsledning fra Sagavatnet til Saga	890	200	0
Tiltak V6a hovedplan vassforsyning, bokstav a	250	250	0
Tiltak i hovedplan vassforsyning- Drifts- og plantiltak	300	0	0
Tilknytning av stasjoner til driftskontroll anlegg	100	100	0
Eikefjord vassverk- Vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng(79606)	1 250	0	0
Kartlegging VA-ledningsdata(79603)	197	100	0
Oppgradering va anlegg Hovlandsvegen i samband med oppgradering av vegen	6 011	4 011	2 000
Beredskapsutstyr vassforsyning	620	100	0
Ny maskinpark Måløy kloakkrenseanlegg.	-134	0	134
Utskifting av VA-leidningar i Gaddevågen/Tua (Tua2)	-3 360	0	25
Gate 1, Måløy VA-anlegg	18 448	18 000	0
Ivahavet/Kulen VA-anlegg	111	0	-111
VA Botnastranda aust	15 320	11 800	0
Maskiner og utstyr VA	903	1 500	0
Tilførsel 3 og dublering hovudvassledning Havikbotn til Krokane BHG	9 939	30 000	-7 000
Reservevassforsyning Florø vassverk	33 110	30 000	-10 000
Vedvik - avslutning deponi	689	0	-300
Purkehola - avslutning deponi	363	0	0
Botnastranda VBA - ny UV	40	0	0
Ny grunnvannsbrønn ved Kvalheim Vannbehandlingsanlegg.	134	0	-134
Øvrevegen sør - Raudeberg	0	0	31
Ny elektrotavle Skramsvatnet vannbehandlingsanlegg	924	0	0
VA-ledninger gate 6 - 7 Måløy	406	0	256
Raudeberg VA anlegg	1 500	1 500	-1 000
Fornyng asbest vannledning Tennebo	679	0	-679
VA-anlegg Utsiktsveien Måløy	0	2 200	0
Vannstyringskum Deknepollen	1 400	1 400	0
Trykkreduksjon Ivahavet	0	1 000	0

VA-leidninger gate 3 Måløy -nord	7 000	0	0
Samankobling vassleidning Botnastranda - Brandsøy	500	0	-200
Sum Vatn, avløp og renovasjon	104 504	103 977	-21 833
Finans (Reservert løyving)			
Utkjøp av leasingbiler, og kjøp av bilar	2 556	400	0
Oppgraderings av formålsbygg etter plan	7 824	7 500	0
Smarte investeringar formålsbygg	5 000	5 000	0
Sum Finans (Reservert løyving)	15 380	12 900	0
Investeringar i varige driftsmidlar	753 973	781 321	-242 872

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2025	Opph. bud. 2025	Forslag til bud.endr. år 1
Strategiske arealkjøp	-215	0	0
Utbyggingsavtaler	7 000	0	0
Etablering av turstinett i kommunen	-20	0	0
Fullskala fotballhall - Storhallen i vest	0	0	7 500
Rehab,kyrkje,tilskot Kinn Kyrkjelege fellesråd	2 000	2 000	0
Steinhovden nærmiljøanlegg (78855)	-35	0	0
Skavøypoll idrettslag- kajakknaust med sanitæranlegg	-203	0	0
Florø Golfklubb - Klubbhus	179	0	0
Florø Golfklubb - overbygg på utslagsfelt	92	0	0
Florø sanitetsforening - HC toalett	99	0	0
Florø skyttarlag - rehab elektroniske skiver	149	0	0
Sogn og Fjordane turlag - padleanlegg Prestholmen	680	0	0
Brandsøy skule og grendahus. Erstatning av tapt areal	-57	0	0
Reservevassforsyning Florø vassverk	-5	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	9 663	2 000	7 500

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2025	Opph. bud. 2025	Forslag til bud.endr. år 1
Kjøp og salg av aksjer og andeler	4 300	4 300	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4 300	4 300	0


4. Utlån av eigne midlar

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2025	Opph. bud. 2025	Forslag til bud.endr. år 1
Utlån interne selskaper	23 800	16 300	0
Utlån av eigne midlar	23 800	16 300	0
Sum del 1-4	791 736	803 921	-235 372

Vedlegg i saken:

2. tertialrapport 2025 Kinn kommune

**Kinn kommune**

Arkiv: FE-124, FE-210
JournalpostID: 25/50108
Sakshandsamar: Eva Melvær Langaas
Dato: 12.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/25	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	23.09.2025
113/25	Kommunestyret	23.10.2025

KURS KF 2. tertialrapport 2025 og budsjettrevisjon**KOST- 113/25 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek budsjettrevideringane slik dei ligg føre og tek elles orienteringa om 2. tertialrapport 2025 for KURS KF til vitande.

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret vedtek budsjettrevideringane slik dei ligg føre og tek elles orienteringa om 2. tertialrapport 2025 for KURS KF til vitande.

Bakgrunn for saka:

2. tertialrapport syner rekneskapen per 31. august, og med det korleis det vedteke budsjettet er følgt opp undervegs i året. I saka forklarar vi dei største avvika og føreslår nokre budsjettrevideringar.

Saksopplysningar:

Budsjettet for 2025 tok utgangspunkt i 80 busettingar. I løpet av sommaren har IMDi kome med nye og reduserte oppmodningstal til kommunane, dette som følge av reduserte ankomstar til Noreg. UDI opplyser om at ankomsttala er 47 % lågare no enn på same tid i fjor. Kinn kommune er no bedt om å busette 65 personar i år.

Per 31. august har KURS busett eller fått søkt ut totalt 43 personar, og er såleis i rute for å nå talet på 65 busettingar, sjølv om det er vanskeleg å vite sikkert korleis busettingstakten blir ut over hausten. I tillegg til dei 43 som blir busett på ordinær kvote, har kommunen også teke i mot 23 personar hittil i år som har kome på familiegjenforeining, som også kvalifiserer for integreringstilskot frå staten. Desse tel ikkje med i talet på avtalte busettingar.

Det store talet på familiegjenforeiningar har gitt føretaket meir inntekter enn forventa. Det er til saman over 600 personar på tilskotslistene våre no, grunna høge busettingstal i

2022-2024. Ei oppdatert prognose på utbetaling av integreringstilskota i tredje og fjerde kvartal er på hhv 25,7 mill. kr og 24,8 mill. kr. Nye busettingar som ikkje er registrert som tilskotssaker vil komme i tillegg. Eventuelle flyttingar ut av kommunen vil kunne gje reduksjon i inntekter. Samla sett er forventa nivå på integreringstilskotet høgare enn opphoveleg budsjett. Vi vil derfor føreslå ei revidering på 10 mill. kroner i forventa ekstra inntekter. Prognosen på norsktilskota er per no i henhold til budsjett.

Overføringar til dei kommunale tenestene barnehage og kultur er gjort med bakgrunn i det vedteke budsjettet. NAV blir refundert kvartalsvis etter faktiske utbetalningar av sosialstønad og KVP. Grunnlaget for overføring til bustadkontoret eller grunnskule var ikkje klar for å få med i 2. tertial.

Som også nemnt i 1. tertial viser overføringane til NAV ei prognose med meirbehov. Det var gitt ei eige orientering til styret og finansutvalet i Kinn kommune om bakgrunnen for dette før sommaren. I 2. tertialrapporten har vi difor føreslått ei budsjettrevidering på 4 mill. kroner i ekstra overføring til NAV. Dette inkluderer vidareføring av to stillingar hos NAV som KURS dekker.

Samla på ansvarsområde 1000, 2000 og 3000 vil dei forventa auka inntektene frå integreringstilskotet gå til å dekke meirbehovet hos NAV og til å dekke delar av det budsjetterte underskotet i årets budsjett.

På ansvarsområde 4000, Solbakken asylmottak, ser vi behov for nokre justeringar av både inntekter og utgifter, med bakgrunn i både færre bebuarar og nokre justeringar i kontrakta med UDI. Færre bebuarar gjer at vi budsjetterer med noko mindre utgifter i basisutbetaling. UDI har sagt opp 50 tilleggs plassar gjeldande frå 17.mars, samstundes får vi refundert lønnsmidlar til å dekke ei ny stilling til oppfølging av einslege mindreårige frå og med juni og dekt ei 100 % økonomistilling frå 1.juli, som tidlegare vi berre fekk 50 % for. I sum vil det gje både høgare lønnsutgifter, men vi ser også ei auke i driftsinntektene frå UDI. Vi har også lagt inn midlar for å dekke vaktmestertjenester på Solbakken gjennom bustadkontoret, som ikkje låg i budsjettet.

Vurderingar:

Det er positivt at det ser ut til å bli meir inntekter enn budsjettert for i 2025, særleg når NAV har meirbehov og budsjettet opphoveleg var planlagt med eit større uttak frå disposisjonsfondet.

KURS KF er opptatt av at vi budsjetterer ut frå det vi veit om sikre inntekter. Det kan difor framleis komme endringar mot slutten av året. Inntektene er svært avhengige av det endelege talet på flyktningar vi buset. Vi kan også miste inntekter dersom mange av dei som er på tilskotslistene våre returnerer til heimlandet.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Dagleg leiar i Kinn utdannings- og ressurscenter, Eva Melvær Langaas, orienterte kort om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 113/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtek budsjettrevideringane slik dei ligg føre og tek elles orienteringa om 2. tertialrapport 2025 for KURS KF til vitande.

Behandling i Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF 23.09.2025:


KURE- 024/25 Vedtak:

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret vedtek budsjettrevideringane slik dei ligg føre og tek elles orienteringa om 2. tertialrapport 2025 for KURS KF til vitande.

Vedlegg i saken:

Regnskap pr 31.08.25 og budsjettrevisjonar
Forskriftsskjema budsjettendringar september 2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
114/25	Kommunestyret	23.10.2025
	Gruppeleiarutvalet	

Fritak frå politiske verv / suppleringsval - Ingvar Myrvollen

KOST- 114/25 Vedtak:

1. Nytt varamedlem i kommunestyret skjer etter opprykk, og nytt 13. varamedlem for Høgre vert Therese Svortevik.
2. Nytt 2. varamedlem for Høgre i administrasjonsutvalet vert: Morten Mortensen.
3. Ny nestleiar i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert: Bjørn Løkkebø Halsnes.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt varamedlem i kommunestyret skjer etter opprykk, og nytt 13. varamedlem for Høgre vert Therese Svortevik.
2. Nytt 2. varamedlem for Høgre i administrasjonsutvalet vert:
3. Ny nestleiar i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert:

Bakgrunn for saka:

Representant Ingvar Torsvik Myrvollen frå Høgre, har i e-post 23.09.2025 søkt om fritak frå sine politiske verv grunna flytting frå kommunen. Ein folkevald som har registrert flytting frå kommunen, er ikkje lenger valbar til eit folkevalt organ, og trer difor ut av organet.

Det må veljast erstattarar i hans verv i kommunen.

Saksopplysningar:

Representanten Myrvollen fråtrer sine verv i Kinn kommune, då han har meldt flytting frå kommunen.

Han skriv slik i e-posten til kommunen:

«Hei

Jeg bor ikke lenger i Kinn kommune og søker fritak fra politiske verv

Med hilsen
Ingvar T Myrvollen
Høyre»

Representanten har i dag følgende verv i Kinn kommune:

Kommunestyret	8.varamedlem
Administrasjonsutvalet	2.varamedlem for Høgre
Overtakstnemnd for eigedomsskatt	Nestleiar

I kommunelova står følgende om fritak ved flytting:

«§ 7-9.Uttreden og fritak

En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

Hvis medlemmer har forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer fra den gruppen der det er forfall. Varamedlemmer skal så langt som mulig innkalles i den nummerordenen de er valgt.

Hvis medlemmer av kommunestyret, fylkestinget eller direkte valgte kommunedelsutvalg trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt.

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

Hvis lederen av et folkevalgt organ trer endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.

Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer.

Ved nyvalg etter tredje ledd og suppleringsvalg etter femte ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter tredje ledd rykker det nye medlemmet

eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter femte ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.

Ved nyvalg etter tredje ledd til arbeidsutvalg kan gruppen i det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget. Det folkevalgte organet skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.»
Det må veljast nye representantar i repr. Myrvollen sine verv på følgjande måte:

Kommunestyret:

Opprykk i kommunestyret med hensyn til nytt varamedlem skjer i henhold til valoppgjøret frå kommunestyrevalet hausten 2023, jf. kommunelova § 7-10 2. ledd.

Administrasjonsutvalet:

Det må veljast eit nytt mannleg varamedlem frå partiet Høgre. Det nye varamedlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. Høgre, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Det nye varamedlemmet rykker inn på den ledige plassen, jf. kommunelova § 7-10 6. ledd.

Overtakstnemnd for eigedomsskatt:

Det må veljast ein ny nestleiar. Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. Høgre, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Det kan veljast eit mannleg eller kvinneleg medlem. Medlemmer av formannskapet kan ikkje veljast som medlem av nemnda, jf. eigedomsskattelova § 21.

Vurderingar:

Representant Myrvollen får automatisk fritak i tråd med kommunelova § 7-9 1. ledd, då han er flytta frå kommunen.

Nytt varamedlem i kommunestyret skjer etter opprykk ihht. kommunestyrevalet 2023, og nytt 13. varamedlem for Høgre vert Therese Svortevik.

Kommunestyret vel eit nytt varamedlem til administrasjonsutvalet og ny nestleiar til overtakstnemnd for eigedomsskatt, etter dei vilkåra som går fram av saksopplysningane.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova §§ 7-9, 7-10](#)

[Eigedomsskattelova](#)

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Framlegg frå Høgre, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
2. Nytt 2. varamedlem for Høgre i administrasjonsutvalet vert: Morten Mortensen

3. Ny nestleiar i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert: Bjørn Løkkebø Halsnes

Røysting:


Framlegg frå Høgre, framsett av leiar i gruppeleiarutvalet, Djuvik, samrøystes vedteke.

KOST- 114/25 Vedtak:

1. Nytt varamedlem i kommunestyret skjer etter opprykk, og nytt 13. varamedlem for Høgre vert Therese Svortevik.
2. Nytt 2. varamedlem for Høgre i administrasjonsutvalet vert: Morten Mortensen.
3. Ny nestleiar i overtakstnemnd for eigedomsskatt vert: Bjørn Løkkebø Halsnes.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak frå politiske verv - Ingvar Myrvollen



Saksnr.	Utval	Møtedato
115/25	Kommunestyret	23.10.2025

Søknad om fritak frå politiske verv - Unni Giil

KOST- 115/25 Vedtak:

Representanten Unni Giil får fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune ut valperioden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Representanten Unni Giil får fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune ut valperioden.

Bakgrunn for saka:

Representanten Giil frå partiet FrP, har i e-post 23.09.2025, søkt om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Representanten Giil frå partiet FrP, søker om fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune grunna private årsaker.
Ordførar, varaordførar og kommunedirektør er orientert om innhaldet i søknaden. Sjølve søknaden er unnateke offentlegheita, jf. offl. §13 1. ledd.

Repr. Giil har følgjande verv i Kinn kommune:

Utval	Rolle
Kommunestyret	Varamedlem
Plan- og miljøutvalet	Varamedlem
Oppvekst- og kulturutvalet	Varamedlem
Klagenemnda	Varamedlem
Overtakstnemnd for eigedomsskatt	Fast medlem

Reglane om fritak frå verv som folkevald går fram av kommunelova.

Kommunelova § 7-9 2. ledd:

"Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt."

I førearbeidet til utarbeiding av kommunelova, proposisjon til Stortinget - Prop. 46 L

(2017-2018) s. 363 er dette nærare utdjupa:

“Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe.”

Det er kommunestyret som avgjør søknadar om fritak frå politiske verv. Dersom kommunestyret gir repr. Giil fritak, må ho erstattast i sine verv på følgjande måte:

Kommunestyret

Opptrykk etter valoppgjeret ved kommunestyrevalet i 2023, jf. kommunelova § 7-10 2. ledd.

Plan- og miljøutvalet, Oppvekst- og kulturutvalet og Klagenemnda

Det må veljast eit nytt kvinneleg varamedlem frå FrP. Det nye varamedlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Det nye varamedlemmet rykker inn på den ledige plassen, jf. kommunelova § 7-10 6. ledd.

Overtakstnemnd for eigedomsskatt

Det må veljast eit nytt fast kvinneleg medlem frå FrP. Det nye medlemmet skal veljast frå den same gruppa som representanten tilhøyre, dvs. FrP, jf. kommunelova § 7-10 3. ledd. Medlemmer av formannskapet kan ikkje veljast som medlem av nemnda, jf. eigedomsskattelova § 21.

Vurderingar:

Ordførar har vurdert at saka skal leggjast fram i ope møte, men utan sjølv søknaden, då den inneheld personsensitive opplysningar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er i tråd med kommunelova § 7-9 2. ledd. Grunnen oppgitt i fritakssøknaden, tilseier at Unni Giil bør innvilgast fritak ut valperioden.

Dersom kommunestyret vel å innvilge representanten sin søknad om fritak, skal det veljast erstattarar i hennar verv. Dette kan kommunestyret gjere i denne saka, elller i eiga sak i neste møte.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova §§ 7-9 og 10](#)

[Stortinget - Prop. 46 L \(2017-2018\)](#)

[Eigedomsskattelova](#)

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:


Raudt v/repr. Oldeide ber om at det vert laga ei sak på delegering av fritakssaker, som han tidlegare har etterlyst.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

KOST- 115/25 Vedtak:

Representanten Unni Giil får fritak frå sine politiske verv i Kinn kommune ut valperioden.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033, FA-X42
JournalpostID: 25/52890
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 14.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
116/25	Kommunestyret	23.10.2025

Suppleringsval - Kinn forliksråd

KOST- 116/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel Arild Standal som nytt medlem til Kinn forliksråd 2025-2028.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgjande nytt medlem til Kinn forliksråd 2025-2028:

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre innvilga i K-sak 100/25 i møte 23.09.2025, Stine Kråkenes Øvrelid fritak frå sine verv i kommunen. Ho var medlem i Kinn forliksråd. Det må difor veljast eit nytt medlem av forliksrådet.

Saksopplysningar:

Stine Kråkenes Øvrelid var medlem i Kinn forliksråd, og vart innvilga fritak frå 23.09.2025. Når eit forliksrådsmedlem fråtrer sitt verv, foretar kommunestyret nytt val av medlem for den tid som er igjen, jf. domstollova § 59 første ledd. Valet foretas som fleirtalsval.

I kvar kommune skal det vere eit forliksråd. Forliksrådet skal ha tre medlemmar og like mange varamedlemmar. Blant medlemmane og varamedlemmane skal det vere både kvinner og menn. Varamedlemmane kallast inn i den rekkefølge dei er oppnemnt. Forliksrådsmedlemmar med varamedlemmar skal veljast av kommunestyret.

Fordi forliksrådsmedlemma er dommarar, gjeld domstollova § 53 også for dei. Føresegna set krav om at forliksrådsmedlemma må vere:
norske statsborgarar
vederheftige
ikkje frådømd stemmerett i offentlege høve

I tillegg inneheld domstollova § 56 visse vilkår:
vedkomande må ha fylt 25 år

vedkomande må vere under 70 år ved starten av valperioden, jf. § 70 andre ledd nr. 1 vedkomande må vere særskilt eigna til oppgåva og beherske norsk skriftleg og munnleg godt

Det går også fram av føresegna at personar som ikkje er busett i kommunen kan nekte å ta imot val.

Spesielt om val av forliksrådsmedlemmar

Som forliksrådsmedlem skal bare personar som ein ser som særleg eigna til oppgåva veljast, jfr. domstollova § 56. Det er viktig for rettsikkerheita til borgarane at kommunene føreteke grundige vurderingar ved val av representantar.

Det vert forventa at kommunene gjev forliksrådsmedlemmar tilstrekkeleg informasjon om forliksrådet generelt, kva arbeidsoppgåver eit forliksrådsmedlem har og omfanget av desse, samt om godtgjering som vert gjeve for arbeidet. Informasjon om dette finnast i tvisteloven kapittel 6, tvistelovsforskrifta og Rundskriv G-2006-5 frå Justis og beredskapsdepartementet om forliksråda og sekretariatene.

Vurderingar:

Kommunestyret skal velje eit nytt medlem til forliksrådet, det kan veljast anten ein mann eller ei kvinne, då rådet skal bestå av begge kjønn. Den som vert valt til nytt medlem, kjem i rekkjefølgje etter dei som er valt tidlegare.

Den som vert valt må oppfylle vilkåra som er ført opp under saksopplysningar.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Domstollova § 27, 53, 56, 57 og 59](#)

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Framlegg frå Gruppearutvalet, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn
Fremskrittsparti

Kinn kommunestyre vel Arild Standal som nytt medlem til Kinn forliksråd 2025-2028:

Røysting:

Innstilling frå gruppearutvalet samrøystes vedteke.


KOST- 116/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel Arild Standal som nytt medlem til Kinn forliksråd 2025-2028.

Vedlegg i saken:

Val av forliksråd i Kinn kommune 2025 - 2028

Retningslinjer for valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for periode(2457290)



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
117/25	Kommunestyret	23.10.2025

Suppleringsval - Plan- og miljøutvalet

KOST- 117/25 Vedtak:

Nytt varamedlem for Arbeidarpartiet i plan- og miljøutvalet vert: Inger Strand Kvalheim.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Nytt varamedlem for Arbeidarpartiet i plan- og miljøutvalet vert:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har valt repr. Bente Nygård som fast medlem av plan- og miljøutvalet. Representanten var varamedlem i same utval, difor må det veljast eit nytt varamedlem.

Saksopplysningar:

Kommunestyret fatta i sak 100/25 i møte 23.09.2025 følgjande vedtak:
«Nytt medlem i plan- og miljøutvalet vert Bente Nygård»

Representant Nygård var 1. varamedlem for Arbeidarpartiet i plan- og miljøutvalet.

Plan- og samfunnsutvalet er oppretta med heimel i kommunelova §5-7. Utvalet har 9 medlemmer. Medlemmer og varamedlemmer er valde av kommunestyret. Frå kvar liste vert det valt det same tal varamedlemmer som medlemmer, samt 2 i tillegg.

Utdrag frå kommunelova § 7-10 femte ledd:

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønnnet. Formannskapet eller fylkesutvalget kan få delegert myndighet til å velge varamedlemmer til andre organer»

Kommunelova § 7-10 sjette ledd fastslår at ved suppleringsval etter § 7-10 femte ledd, skal det nyvalde varamedlemmet plasserast nederst på lista over varamedlemmer i den gruppa.

Vurderingar:

Det skal veljast eit nytt varamedlem i plan- og miljøutvalet.

Arbeidarpartiet fremjar ein kandidat, kommunestyret vel den føreslegne kandidaten, såframt lovbestemte vilkår er oppfylt.

Det nye varamedlemmet skal veljast frå den same gruppa som repr. Nygård tilhøyre, dvs. Arbeidarpartiet.

Det nye varamedlemmet må vere ei kvinne, ettersom varamedlemmane til AP elles består to mannlege representantar.

Det nye varamedlemmet vert plassert nederst på lista over varamedlemmer for Arbeidarpartiet i plan- og miljøutvalet.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova §§ 5-7 og 7-10.](#)

[Politisk organisering og delegering](#)

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:


Framlegg frå Arbeidarpartiet, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti
Nytt varamedlem for Arbeidarpartiet i plan- og miljøutvalet vert: Inger Strand Kvalheim

Røysting:

Framlegg frå AP v/repr. Ødegård Standal samrøystes vedteke.

KOST- 117/25 Vedtak:

Nytt varamedlem for Arbeidarpartiet i plan- og miljøutvalet vert: Inger Strand Kvalheim.



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Gruppeleiarutvalet	
118/25	Kommunestyret	23.10.2025

Val av nytt varamedlem - Bordgleder KF

KOST- 118/25 Vedtak:

Ny 4. vara vert Jon Valur Olafsson, til erstatning for Silje Ødegård Standal.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vel følgande 4. varamedlemmer til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

1. vara:
2. vara:
3. vara:
4. vara:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret valde nytt styre til Bordgleder KF 10.04.2025.

Det vart valt ein mann og tre kvinner som varamedlemmer, dette støttar ikkje kravet om kjønnsbalanse i styret.

Saksopplysningar:

Kommunestyret fatta i sak 044/25 i møte 10.04.2025 følgjande vedtak:

KOST- 044/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vel 4 faste representantar og 4 vararepresentantar, samt leiar og nestleiar, til styret i Bordgleder KF 2025-2027:

Leiar: Jacob Nødseth
Nestleiar: Petter Refsnes
Medlem: Lone Bareksten
Medlem: Madelen Hopen

- 1.vara: Jan Arve Midtbø
- 2.vara: Margunn Belsvik
- 3.vara: Anita Eikevik
- 4.vara: Silje Ødegård Standal

Kommunale og fylkeskommunale føretak har krav til kjønnsbalanse i styret i samsvar med kommunale forholdsval og avtaleval etter kommunelova § 7-5 til § 7-7. Viss styret har tre eller fire medlemmer, kan maksimalt to styremedlemmer ha same kjønns. Det er tilsvarande krav for kjønnsbalanse blant varamedlemmane.

Varalista i styret i Bordgleder KF innfrir ikkje dette kravet, og må justerast. Eit av dei kvinnelege varamedlemmane erstattast av eit mannleg varamedlem, som er det underepresenterte kjønnet på lista.

Vurderingar:

Kommunestyret må bytte ut ein kvinneleg representant blant varamedlemmene med ein mannleg representant.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kommunelova §§ 7-5 til 7-7](#)

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Framlegg på ny 4. vara, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Ny 4. vara vert Jon Valur Olafsson, til erstatning for Silje Ødegård Standal

Røysting:


Innstilling frå gruppeleiarutvalet, framsett av leiar Djuvik, samrøystes vedteke.

KOST- 118/25 Vedtak:

Ny 4. vara vert Jon Valur Olafsson, til erstatning for Silje Ødegård Standal.

Vedlegg i saken:

Val av representantar til styret i Bordgleder KF



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 25/55565
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 16.10.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/25	Kommunestyret	23.10.2025

Interpellasjonar

KOST- 119/25 Vedtak:
Ingen vedtak.


Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Oppført under kvar enkel interpellasjon.

KOST- 119/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Underliggende sak:
007/25, Interpellasjon - Prosjektgjennomføring og evaluering av byggeprosjekt
Ingen vedtak.

008/25, Interpellasjon - barnehagekapasitet i Kinn kommune
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/25	Kommunestyret	23.10.2025

Interpellasjon - Prosjektgjennomføring og evaluering av byggeprosjekt

KOST- 007/25 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Forslag, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Det oppnevnes en grp bestående av Adm., pol. og næringsliv som evaluerer anbudsmetoder, gjennom føring av innstilling og tildeling, og prosjektgjennomføring.

Interpellasjon frå Venstre v/repr. Eliasson - Prosjektgjennomføring og evaluering av byggeprosjekt

Det har før vært signalisert fra administrasjonen at det skal bli gjennomført evaluering av tidligere og pågående prosjekt. Mellom annet er gjennomføring av anbudsendelse, evaluering og kontrahering en kritisk fase i prosjekt der en kan pådra seg store kostnader i form av juridisk hjelp, klager, omkamper og forlik med påfølgende økonomiske kompensasjoner.

Spørsmål:

- 1) Hva er status med dette arbeidet
- 2) Hvem deltar (eller skal delta) i et slikt arbeid. Bør det oppnevnes en grp bestående av eksterne og interne som kan arbeide med dette.
- 3) Hvordan gjennomføres anbudsprosessen i dag? Hvem evaluerer og innstiller.
- 4) Hvordan oppnår en at en innstilling ikke har en objektiv vurdering i forkant.
- 5) Hvordan gjennomføres dette andre steder. f.eks. i Vestland Fylkeskommune?

Svar frå ordførar:

Det har før vært signalisert fra administrasjonen at det skal bli gjennomført evaluering av tidligere og pågående prosjekt. Mellom annet er gjennomføring av anbudsendelse, evaluering og kontrahering en kritisk fase i prosjekt der en kan pådra seg store kostnader i form av juridisk hjelp, klager, omkamper og forlik med påfølgende økonomiske kompensasjoner.

1. Som orientert i Formannskapet; Prosjekta som var vurdert til å gjera ekstern gransking av var, Skram skule og Brannstasjonen i Florø. Som fylje av at kontrollutvalet bestilte ein revisjonsrapport som omhandla og har tittelen «Gjennomføring av investeringsprosjekt i Kinn kommune», så har Kommunedirektøren valt å ikkje gå vidare med ekstern gransking av desse to prosjekta. Intern evaluering av prosjekta har også avdekt læringspunkt som vil ta med seg i komande prosjekt. Implementering av tiltak for utbetring av funna i både rapporten og intern evaluering er i stor grad implementert. Strukturering, beskriving og dokumentasjon av internkontrollarbeid er pågåande og er eit meir omfattande arbeid, som vil ta meir tid og handlar også i stor grad om digital plattform (WEB hotell løsning).
2. Ansvar for det metodiske arbeidet med gjennomføring av prosjekt er Kommunedirektøren gjennom Prosjektsjefen. Prosjektsjefen leder derfor det interne arbeidet med å implementere tiltak for funnene i både rapporten og intern evaluering. Vurderingen er at en ikke trenger ekstern kapasitet eller kompetanse til dette arbeidet.
3. Anbudsprosessene i kommunen blir gjennomført i tråd med god praksis og krav sett i lov om offentlig anskaffing. Det er prosjektleiar saman med anskaffing og støtte frå prosjektavdeling og rådgivande ingeniørkonsulent som evaluerer og innstiller. I meir krevjande anskaffingar vert det nytta juridisk bistand. Det er Prosjektansvarleg som på vegne av kommunen godkjenner innstilling og har ansvar for kvalitetsikring av arbeidet.
4. Objektivitet i innstilling vert ivarettatt ved at konkurranse kriterier er sett og opplyst om ved anbudsutlysning.
5. Kinn kommune sin anbudsprosess er styrt av lov om offentlege anskaffingar. Dette er styrande for anbudsprosessane hos oss og alle andre i offentlig sektor. Ulik kapasitet og organisering resulterer i noko ulik prosess i små, mellomstore og store kommunar. Dette gjeld også fylkeskommunar og ulike statelege aktørar. Samanlikninga med f.eks Vestland Fylkeskommune er derfor vanskeleg og kanskje ikkje særleg relevant. Kinn kommune deltar i mange ulike kommunale nettverk både når det gjeld anskaffing og prosjektgjennomføring. I desse nettverka foregår det ein omfattande erfaringsutveksling og er viktige for eit kontinuerleg forbetringsarbeid i kommunen sine arbeidsprosessar og rutinar.

Røysting:

Ingen røysting, repr. Eliasson trekkjer sitt forslag.

KOST- 007/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål



Saksnr.	Utval	Møtedato
008/25	Kommunestyret	23.10.2025

Interpellasjon - barnehagekapasitet i Kinn kommune

KOST- 008/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 23.10.2025:

Interpellasjon frå UAH v/repr. Brunsvik - Barnehagekapasitet i Kinn kommune

Ordførar,

Det har den siste tida vore omtale i Firdaposten om utfordringar knytt til kapasitet og mangel på barnehageplassar i Kinn kommune i både søndre og nordre del. Dette har skapt uro blant foreldre og peikar på at kommunen kan stå overfor ei kapasitetsutfordring både på kort- og lang sikt.

Tilgang på barnehageplass er avgjerande for at Kinn kommune skal vere ein attraktiv kommune å flytte til, men ikkje minst for dei familieane som allereie bur her. Når familiar ikkje får plass til barna sine, påverkar det både tilflytting, trivsel, busetjing og deltaking i arbeidslivet.

For at kommunestyret skal kunne vurdere situasjonen og eventuelle tiltak, treng vi ei samla og oppdatert oversikt over kapasiteten i dei kommunale og private barnehagane i Kinn, samt ei vurdering av korleis kommunen planlegg å løyse eventuelle manglar.

Spørsmål til ordføraren / administrasjonen:

Kan administrasjonen leggje fram ein oppdatert oversikt over kapasiteten i alle barnehagar i Kinn kommune, fordelt på kvar barnehage, som viser:

- Godkjend kapasitet (tal plassar)
- Faktisk bemanning per i dag
- Faktisk utnytting (tal barn som går der no)

Kan administrasjonen vidare vurdere:

- Om kommunen har tilstrekkeleg kapasitet til å tilby plass til alle barn med rett til barnehageplass, og korleis situasjonen er for dei som per i dag står utan plass.
- Kva tiltak som eventuelt må setjast i verk for å løyse kapasitetsutfordringa, både på kort og lang sikt.

– Kva kostnader desse tiltaka vil innebere for kommunen, både i drift og evt investeringar.

Forslag til vedtak:

Kinn kommunestyre ber administrasjonen utarbeide ei samla oversikt over barnehagekapasiteten i kommunen, inkludert godkjend kapasitet, bemanning og faktisk utnytting, og leggje denne fram for politisk behandling innan (ein sett frist).

Kommunestyret ber vidare administrasjonen vurdere nødvendige tiltak for å sikre full barnehagedekning og kapasitet for både eksisterande innbyggjarar og nye tilflyttarar, samt leggje fram kostnadsestimat for aktuelle løysingar.

Oversikta og vurderingane skal inngå som grunnlag i det vidare arbeidet med budsjettprioriteringar.

Svar frå ordførar:

Kommunale og private barnehagar i Kinn kommune samarbeider om opptak av barn i samsvar med barnehagelova § 17 om samordna opptaksprosess.

Retten til barnehageplass er bestemt av Stortinget, og nedfelt i barnehagelova §16:

"Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen."

Barnehagelova § 18 regulerer prioritet ved barnehageinntak:

"Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn som det er fattet vedtak om etter [barnevernsloven § 5-1](#) første ledd bokstav a til d, [§ 3-1](#) og [§ 3-4](#) første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage."

I Kinn kommune får alle barn med rett til barnehageplass, og som søker om barnehageplass, eit barnehagetilbod.

For barnehageåret 2025-2026 kan vi i tabellane under vise til slik oppdatert oversikt over:

1. Barn med barnehageplass i dei ulike barnehagane
2. Godkjent kapasitet (LOA), aralutnytting basert på barn med barnehageplass og disponibelt areal
3. Grunnbemanning (årsverk pedagog og assistent/fagarbeidar) basert på barnehagelova § 26 om grunnbemanning, og forskrift om pedagogisk bemanning §1

	1. Tal på barn i barnehage (15.12.25)						2. Godkjent kapasitet og utnytting av areal			
Barnehagar	Bar n 1-2 år	Plassa r 1-2 år	Bar n 3- 5 år	Plassa r 3-5 år	Bar n 1- 5 år	Omrekna tl storbarns- ekvivalenta r	Godkjent LOA m2 - arealutnyttin g - disponibelt areal			Merknad
Brandsøy	10	10	23	23	33	43	227	145	82	gymsal i tillegg
Krokane	29	29	45	45	74	103	467	334	133	
Havrenes **	26	26	37	37	63	89	320	282	38,2	50m2 klimarom i tillegg
Nepjarhaugen	27	27	36	36	63	90	325	287	37,9	
Storevatn **	32	32	44	44	76	108	370	346	24,4	klimarom inkl
Torvmyrane	25	*24,8	41	41	65,8	91	350	295	54,6	grindhus i tillegg
Furuhaugane	25	25	40	40	65	90	368	293	75,5	Godkjennin g 64 andelar
Sørstrand	28	28	44	44	72	100	400	330	70	Godkjennin g 100 ekvivalentar
Eikefjord	19	19	35	35	54	73	284	241	43,3	grindhus
Holvik	13	13	30	*29,6	42,6	56	290	189	101	
Skavøypoll **	24	24	39	39	63	87	304	283	20,5	lavvo medrekna
Skarevik	16	16	24	24	40	56	272	182	89,6	lavvo, ikkje medrekna
Trollskogen	25	25	49	49	74	99	355	329	26,5	
Sum	299	298,8	487	486,7	786					

3. Grunnbemanning (årsverk) fordelt på pedagog og assistent

Barnehagar	Ass/fagarbeider	Pedagog	Samla bemannings- behov (bhglava § 26), minstenorm
Brandsøy	3	4	7
Krokane	8,5	9	17,5
Havrenes	5,8	9	14,8
Nepjarhaugen	7,4	7,6	15
Storevatn	9	9	18
Torvmyrane	6,93	8	14,93
Furuhaugane			15
Sørstrand			16,67
Eikefjord	3,4	8,8	12,2
Holvik	4,2	5	9,27
Skavøypoll	7,5	7	14,5
Skarevik			9,33

Tabell 1 Tal på barn i barnehage syner:

Dei fleste barn i barnehage nyttar 100% plass. Det er pr i dag registrert 2 barn som ikkje har 100% barnehageplass (*).

Barnehagane har tatt inn mange barn under 3 år inneverande barnehageår, samanlikna med tidlegare år.

Barnehagane organiserer barnegruppene fleksibelt for å gje barnetilbod til barna det vert søkt om plass til, ut frå ledig kapasitet og etter foreldra sitt 1. og 2. val for barnehage. Søknadar som kjem etter hovudinntaket vert tildelt plass i barnehagar som har ledig kapasitet.

Tabell 2 Godkjent LOA, arealutnytting og disponibelt areal

Kinn kommune som barnehageeigar har fastsett arealnorm for LOA (leike- og opphaldsareal) til

- 4-5 m² for barn over 3 år
- 5,3 -6 m² for barn under 3 år
- 2 m² for barn 3-6 år i friluftsgruppe

Arealnorma for LOA er nedfelt i Vedtekter for barnehagane i Kinn §12.

I tabell 2 er arealutnytting utrekna med 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år.

Fleire barnehagar er organisert med avdelingar som er tilrettelagt med garderobeareal og avdelingsareal tilpassa aldersgruppa 1-2 år og aldersgruppa 3-5 år(**). Desse barnehagane kan ha utfordringar med tilrettelegging for fleksibel organisering, då t.d. garderobestorleik kan vere ein avgrensande faktor. Fleksibel organisering av barnegrupper vert gjennomført så langt det let seg gjere innanfor barnehagane sitt totale areal, og ut frå kjennskap til barn sitt behov for tilpassing og tilrettelegging.

Nokre barnehagar har areal som gjev ekstra fleksibilitet og moglegheit for alternativ organisering av barnegruppe, både aldersdelt og på tvers av alder. Sjå merknad i tabellen.

Tabell 3. Grunnbemanning (årsverk) fordelt på pedagog og assistent

Gjeldande bemanningsnorm er regulert i barnehagelova § 26 :

- 300% stilling for 9 plassar i aldersgruppa 1-2 år
- 300% stilling for 18 plassar i aldersgruppa 3-5 år

Dei kommunale barnehagane i Kinn har ei effektiv drift med 6 barn / 3 barn pr tilsett.

Årsverk til leiarressurs, og ressurs til gjennomføring av enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 31 og 37 og til tospråkleg assistent kjem i tillegg til ressursen til grunnbemanning.

Barnehagane rapporterer årsmelding i BASIL (direktorat og SSB) pr 15.12. kvart år. Kolonna «samla bemanningsbehov» syner årsverk til grunnbemanning som barnehagane må ha for å innfri bemanningsnorma i barnehagelova §26. Som barnehageeigar har vi oversikt over bemanninga i kommunale barnehagar. Bemanninga i private barnehagar får barnehagemyndigheita oversikt over i samband med rapporteringa i BASIL.

Ingen barnehagar har søkt om dispensasjon frå utdanningskravet om pedagog på nåverande tidspunkt dette barnehageåret.

Svar på kan administrasjonen vidare vurdere

- Om kommunen har tilstrekkeleg kapasitet til å tilby plass til alle barn med rett til barnehageplass, og korleis situasjonen er for dei som per i dag står utan plass.

Kinn kommune innfrir retten til barnehageplass og tilbyr barnehageplass til alle barn med rett til plass (jf barnehagelova §§ 16 og 18).

Barn som søker etter hovudinntaket, får tilbod om barnehageplass (rullerande inntak) i

ledige plassar fortløpande.

I dag (22.10.2025) har vi ei søkjarliste med:

- 5 barn som er i aldersgruppa 1-5 år. Dette er søknadar som er komne i løpet av siste månaden. 2 av desse barna ønskjer plass nå, 1 barn ønskjer plass i januar 2026 og 2 barn ønskjer plass frå mars 2026. Det vert jobba for at desse barna skal få tilbod om barnehageplass frå ønska tidspunkt.
- 39 barn som ønskjer plass etter kvart som dei fyller 1 år, i løpet av våren 2026. Desse barna vil får eit tilbod om det vert ledig kapasitet i løpet av våren 2026.
- 17 barn som allereie nå søkjer barnehageplass frå august 2026.

Barnehageplassane vert tildelt i samvar med barnehagesektoren si årlege budsjettramme til drift av barnehageplassar.

- *Kva tiltak som eventuelt må setjast i verk for å løyse kapasitetsutfordringa, både på kort og lang sikt.*

Kinn kommune har god oversikt over fødselstal kvart år. Søknadfrist til årleg samordna hovudinntak vert gjennomført i slutten av februar. Søknadar til samordna inntak gjev oss ein status på behov og god oversikt over om vi har nok barnehagekapasitet. Det som kan vere utfordrande å planlegge for, er familiar som flyttar til og frå kommunen. Dette varierer frå år til år. Med den kapasiteten som det er lagt til rette for, har vi hittil innfridd retten til barnehageplass. Det er ledig barnehageareal både i Måløy og i Florø. Om vi opplever stor auke og kortsiktig må opprette fleire barnehageplassar, vert kostnaden med dette meldt som auka ressursbehov i samband med tertialrapporteringar i løpet av året.

På lang sikt har vi god barnehagekapasitet i Skarevik barnehage og Holvik barnehage i Måløy-området.

I Florø-området er Nepjarhaugen barnehage dimensjonert for å bygge på ei ekstra avdeling, om dette skulle vere naudsynt. Det er ikkje avsett investeringsmidlar til slik utbygging, då det ikkje har vore sett på som aktuelt.

- Kva kostnader desse tiltaka vil innebære for kommunen, både i drift og evt investeringar.

Førebels har vi løyst kostnadar med oppretting av nye plassar i enkeltbarnehagar innanfor tilgjengeleg økonomisk barnehageramme, ved å budsjettjustere mellom barnehagar. For inneverande barnehageår erfarer vi ein nedgang i etterspørselen etter barnehageplassar i barnehagane i Måløy, og ein auka etterspørsel etter barnehageplassar i barnehagane i Florø. I utkast til statsbudsjett for 2026, er det tatt omsyn til eit auka fødselstal i Kinn. Auka inntekt til kommunen basert på auka fødselstal vil kunne sikre auka kostnad med fleire barnehageplassar.

I regjeringa sitt utkast til statsbudsjett for 2026 er nasjonal tilskotssats til private barnehagar foreslått til kr 332 005,- for barn under 3 år og kr 179 061,- for barn over 3 år + kapitaltilskot pr plass. Berekninga er gjort av Telemarksforsking, og redusert maksimalsats for foreldrebetaling ligg til grunn for at forslaget til sats har %-vis høgare auke enn tidlegare. Om kommunen skal berekne auka kostnad med fleire plassar, kan utkastet til nye nasjonale satsar leggst til grunn for eventuelle auka driftskostnadar.

Om kommunen skal bygge på ein barnehage for å opprette fleire barnehageplassar, vil funksjonar i tilbygg/avdeling vere avgjerande for investeringskostnaden. Dersom tilbygg/avdeling har funksjonar som våtrom eller anna særskilt tilrettelegging kan kostnaden utgjere over kr 50 000,- pr m2. Vi må komme tilbake med nærare kostnadsberekning om det vert aktuelt med utbygging av barnehageareal.

Røysting:

Ingen røysting, repr. Brunsvik avventer å sette fram sitt forslag til vedtak.

KOST- 008/25 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

metadata_Interpellasjon og spørsmål